



Meland kommune  
Pb. 79  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1633 - 17/15920

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
11.08.2017

## Godkjenning - GBNR 23/181 - Løyve til plassering av mellombels kontorbrakker

**Administrativt vedtak. Saknr: 222/2017**

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av to mellombels kontorbrakker på Frekhaug, gbnr 23/181. Brakkene skal plasserast i tilknytning til Meland sjukeheim. Tiltaket er mellombels for ein periode på inntil 2 år, og er difor søknadspliktig utan ansvarsrettar, jf pbl § 20-4, bokstav c). For nærare opplysningar om utforming av tiltaket blir det vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 07.07.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf pbl § 21-3. Plasseringa av kontorbrakkene har blitt endra på bakgrunn av merknader frå Frekhaug Fysioterapisenter AS. Tiltaket er i ettertid nabovarsla på nytt utan merknader. Det er den nye plasseringa som blir godkjent gjennom føreliggjande vedtak.

#### Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er omfatta av *Reguleringsplan for Nordgarden - Frekhaug*, planid: 125619961113, og er avsett til byggeområde for offentlege bygg. Tiltaket er i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.

#### Plassering, høgde, utnyttingsgrad, parkering og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 07.07.2017. Slik tiltaket er skildra gjennom søknaden med vedlagt dokumentasjon, legg administrasjonen til grunn at tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4 i høve til plassering og avstand frå nabogrense.

Når det gjeld krav til utomhusareal, parkeringsdekning og tilknytning til infrastruktur, blir desse tilhøva ikkje endra som følge av omsøkt tiltak.

#### Utforming, planløsning, funksjon og utsjånad:

Som mellombels tiltak har kontorbrakkene forsvarleg planløsning og utsjånad i høve til sin funksjon, og blir vurdert til å vere i samsvar med krava til utforming og visuelle kvalitetar i pbl §§ 29-1 og 29-2, jf vedlagte plan- og fasadeteikningar journalført motteke 07.07.2017.

#### Mellombels tilkopling til kommunalt VA-anlegg:

Det må søkast om mellombels tilkopling til kommunalt VA-anlegg i samsvar med Forskrift om vass- og avlaupsanlegg i Meland kommune § 9. Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for mellombels tilkopling, men abonnementsgebyr og forbruksgebyr. Det må difor installerast vassmålar. Søknad må fremmast av rørleggarføretak som kan ha ansvarsrett. Det blir stilt vilkår om godkjent søknad om mellombels tilkopling før ferdiattest/bruksløyve blir gitt, jf vedtaket nedanfor.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf § 20-4, bokstav c) løyve til plassering av mellombels kontorbrakker på gbnr 23/181 i samsvar med søknad journalført motteke 07.07.2017. Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart og utformast etter vedlagt plan- og fasadeteikningar journalført motteke same dato. Løyvet er mellombels og gjeld i to år frå ferdigattestering/bruksløyve. Det gjeld følgjande vilkår for løyvet:

- Før det blir gitt bruksløyve må mellombels tilkopling vere omsøkt og godkjent av føretak med ansvarsrett.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for saksbehandlingen blir ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart. pdf  
Fasadeteikningar.pdf